



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet

**Møtedato** 24.05.2018

**Møtetid:** Kl. 13.00

**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Frøland, Knut Harald  
ordførar

**SAKLISTE**

**Saker til handsaming på møtet**

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
002/2018	18/363	Faste saker	
003/2018	13/796	Klage på avslag på søknad om permisjon	Ikkje offentleg

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerete vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 033
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/363	<b>Løpenr:</b> 18/4479
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Administrasjonsutvalet	24.05.2018	002/2018

**Faste saker****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Oversikt over faste saker:**

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
 Delegerete vedtak/referatsaker.  
 Utvalet sitt kvarter.

**Oversikt over orienteringssaker som er meldt opp til møtet:**

- Arbeidstid og spisepausar (sjå vedlagt notat)
- Status Sjukefråværsprosjektet/nærværsprosjektet
- Orientering om prosjektmidlar frå KLP
- Status Leiarutviklingsprosjektet
- Status Verdiprosjektet
- Orientering om sak om framtidig IKT-driftsform
- Orientering om rutinar m.m. for tilsetjingar
- GDPR - informasjon om status for arbeidet i Samnanger kommune
- Orientering om arbeid med digitalisering
- Orientering om tilsetjing av sektorleiar oppvekst
- Orientering om hovudtariffoppgjaret 2018

**Sak 003/2018 er unnteken frå offentleg innsyn og blir derfor sendt ut på papir til medlemmene i administrasjonsutvalet.**



---

## Notat

---

Til:

Frå:

Jan Erik Boge

### Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
09/156/18/4425//JEB	FE - 403	16.05.2018

Det er behov for ein gjennomgang av ordningane for arbeidstid og spisepausar for ein del grupper av tilsette i kommunen. Det er mellom anna behov for å sjå på følgjande:

- Arbeidstidsordninga for kontortilsette m.fl., som i dag er:
  - Sommartid 15. april – 14. oktober:
    - 07.30 – 15.00 (7 timer inkl. spisepause)
  - Vintertid 15. oktober – 14. april:
    - kl. 07.45 – 15.30 (7 timer 45 minuttar inkl. spisepause)
- Spisepausar for ulike grupper av tilsette:
  - Sjukepleiarforbundet har meldt frå om at det er misnøye med at nokon grupper av tilsette har betalt spisepause, medan andre grupper ikkje har det - og at det til dels ser ut til å vera «tilfeldig» kva grupper som har betalt og ikkje-betalt spisepause.

Det vil vera behov for noko utgreiingsarbeid dersom sak om arbeidstid og spisepausar skal opp til behandling i administrasjonsutvalet og eventuelt også i kommunestyret. Rådmannskontoret ser at det er behov for å få opp ei slik sak, og foreslår at saka kjem opp i administrasjonsutvalet sitt første møte hausten 2018.

Administrasjonsutvalet behandla i 2009 ei sak om spisepausar for tilsette i kommunen. Denne saka inneheld ein del informasjon som framleis er relevant i dag. Kopi av saksframlegg/saksutgreiinga frå 2009 følgjer derfor vedlagt.

Vedlegg:

Kopi av saksframlegg og vedtak i adm.utvalet i 2009 - reglar om spisepausar



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Jan Erik Boge	Arkivkode:	FE-403
Arkivsaksnr:	09/156	Løpenr:	09/439
Sakstype:	Politisk sak		
<b>SAKSGANG</b>			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	05.06.2009	004/09	JEB

### REGLAR FOR SPISEPAUSAR FOR TILSETTE I SAMNANGER KOMMUNE

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Ordninga for spisepausar på kveldsvakter for tilsette i bufellesskapet på Haga skal takast endeleg stilling til i samband med organisasjonsgjennomgang/utarbeiding av nye turnusar i eining for pleie og omsorg sommaren 2009. Dersom det kan innførast betalt spisepause på kveldsvakter på Haga utan ekstra kostnader for eininga, bør det innførast slik ordning.

Assistentar i skule/SFO med rett til spisepause skal frå 01.08.2009 ha 30 minuttars ubetalt spisepause. Spisepausane skal vera reell fritid, d.v.s. at assistentane ikkje skal disponerast av arbeidsgjevar i spisepausen.

05.06.2009 Administrasjonsutvalet

Handsaming i møtet:

Jan Erik Boge orienterte om at det var ein faktafeil i saksframlegget. Det står der at det er 1 vakt på 5 ½ time (medrekna ½ time ubetalt spisepause) i kvar 6 vekers turnusperiode i bufellesskapet på Haga. Det rette er at det er 21 slike vakter i kvar turnsuperiode. Jan Erik Boge beklaga feilen i saksframlegget.

Margot Hisdal foreslo at det skulle røystast separat over dei to avsnitta i administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak: (1) om bufellesskapet på Haga og (2) om assistenter i skule/SFO. Utvalet slutta seg til dette.

Margot Hisdal sette fram følgjande alternative framlegg til nytt pkt. 1:

”Tilsette i bufellesskapet på Haga skal ha betalt spisepause på kveldsvaktene inntil det vert laga ein turnus som gjer det mogeleg for dei tilsette å forlata arbeidsplassen i pausen. På vakter som ikkje overstig 5,5 t skal det ikkje avviklast pause.”

Brigt Olav sette fram følgjande framlegg til nytt pkt 3:

## ”Generelle reglar for spisepausar

- Som hovudregel er spisepausen for tilsette i kommunen 30 minuttar. Dersom dette er praktisk vanskeleg å gjennomføra av tenestlege omsyn, kan spisepausen verta korta ned til minimum 20 minuttar. Arbeidsgjevar tek avgjerd om lengda på spisepausar.
- Dersom det oppstår tvil/usemje om ei gruppe av tilsette skal ha betalt eller ikkje betalt spisepause, skal einingsleiar ta avgjerd etter reglane i gjeldande lov- og avtaleverk. I tvilstilfelle skal einingsleiar rádføra seg med kommuneadministrasjonen.
- Dersom ein tilsett som normalt har ubetalt spisepause, ikkje får høve til å ta pause som oppfyller krava i Arbeidsmiljølova til ubetalt spisepause, har den tilsette krav på betalt spisepause den aktuelle dagen.
- Tilsette på ein arbeidsplass har ikkje rett på felles spisepause, men dersom tenesta ikkje er til hinder for det bør det leggjast opp til felles spisepausar på arbeidsplassane.
- Tidspunktet for spisepause kan unntaksvise forskyvast opptil ein time i forhold til normaltidspunkt for spisepause (opptil ein time fram eller ein time tilbake) utan at dette vert kompensert økonomisk.
- Tilsette i kontorstillingar på kommunehuset skal framleis ha delvis betalt spisepause i samsvar med forhandlingsprotokoll frå 1987 (samst godkjenning i Formannskapet frå same år). Arbeidstida for denne gruppa er 38 t. 10 min. pr. veke inkludert spisepause (som gjennomsnitt i løpet av eit kalenderår). Denne ordninga gjeld også for følgjande andre grupper:
  - Administrativt personale i pleie og omsorg
  - Tilsette på vaskeriet på Samnangerheimen
  - Reinhaldarar
  - Administrativt personale på skulane
  - Administrativt personale på helsetunet
- For tilsette som har ubetalt spisepause, skal tenesta leggjast opp slik at dei fritt skal kunna forlata arbeidsstaden i spisepausen. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, skal spisepausen vera betalt.
- Arbeidsgjevar avgjer om spisepausen for ei gruppe av tilsette er fritid eller ikkje.

### Røysting:

Framlegget frå Margot Hisdal til nytt pkt. 1 fekk 2 røyster. Adminstrasjonssjefen sitt framlegg til pkt. 1 fekk 5 røyster.

Adminstrasjonssjefen sitt framlegg til pkt. 2 vart samrøystes vedteke

Framlegget frå Brigt Olav Gåsdal til nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

### **ADM-004/09 VEDTAK:**

1. Ordninga for spisepausar på kveldsvakter for tilsette i bufellesskapet på Haga skal takast endeleg stilling til i samband med organisasjonsgjennomgang/utarbeiding av nye turnusar i eining for pleie og omsorg sommaren 2009. Dersom det kan innførast

betalt spisepause på kveldsvakter på Haga utan ekstra kostnader for eininga, bør det innførast slik ordning.

2. Assistentar i skule/SFO med rett til spisepause skal frå 01.08.2009 ha 30 minuttars ubetalt spisepause. Spisepausane skal vera reell fritid, d.v.s. at assistentane ikkje skal disponerast av arbeidsgjevar i spisepausen.
3. Generelle reglar for spisepausar:
  - Som hovudregel er spisepausen for tilsette i kommunen 30 minuttar. Dersom dette er praktisk vanskeleg å gjennomføra av tenestlege omsyn, kan spisepausen verta korta ned til minimum 20 minuttar. Arbeidsgjevar tek avgjerd om lengda på spisepausar.
  - Dersom det oppstår tvil/usemje om ei gruppe av tilsette skal ha betalt eller ikkje betalt spisepause, skal einingsleiar ta avgjerd etter reglane i gjeldande lov- og avtaleverk. I tvilstilfelle skal einingsleiar rádføra seg med kommuneadministrasjonen.
  - Dersom ein tilsett som normalt har ubetalt spisepause, ikkje får høve til å ta pause som oppfyller krava i Arbeidsmiljølova til ubetalt spisepause, har den tilsett krav på betalt spisepause den aktuelle dagen.
  - Tilsette på ein arbeidsplass har ikkje rett på felles spisepause, men dersom tenesta ikkje er til hinder for det bør det leggjast opp til felles spisepausar på arbeidsplassane.
  - Tidspunktet for spisepause kan unntaksvise forskyvast opptil ein time i forhold til normaltidspunkt for spisepause (opptil ein time fram eller ein time tilbake) utan at dette vert kompensert økonomisk.
  - Tilsette i kontorstillingar på kommunehuset skal framleis ha delvis betalt spisepause i samsvar med forhandlingsprotokoll frå 1987 (samt godkjenning i Formannskapet frå same år). Arbeidstida for denne gruppa er 38 t. 10 min. pr. veke inkludert spisepause (som gjennomsnitt i løpet av eit kalenderår). Denne ordninga gjeld også for følgjande andre grupper:
    - Administrativt personale i pleie og omsorg
    - Tilsette på vaskeriet på Samnangerheimen
    - Reinhaldarar
    - Administrativt personale på skulanane
    - Administrativt personale på helsetunet
  - For tilsette som har ubetalt spisepause, skal tenesta leggjast opp slik at dei fritt skal kunna forlata arbeidssstaden i spisepausen. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, skal spisepausen vera betalt.
  - Arbeidsgjevar avgjer om spisepausen for ei gruppe av tilsette er fritid eller ikkje, ut frå desse reglane og reglane i Arbeidsmiljølova.

---

#### Dokument som er vedlagt:

Kopi av saksframlegg til Admutvalet 16 mars 2009

Kopi av saksprotokoll Admutvalet 16 mars 2009

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Arbeidsmiljølova

## Kva saka gjeld:

Administrasjonsutvalet hadde 16.03.2009 sak om spisepausar for tilsette i kommunen opp til behandling. Det vart bestemt at endeleg vedtak i saka skal gjerast på utvalet sitt møte i juni 2009.

Bakgrunnen for at saka har kome på dagsorden er at Fagforbundet Samnanger meiner at to grupper av tilsette som i dag har utbetalt spisepause, bør ha betalt spisepause. Kravet gjeld følgjande grupper:

- Assistentar i skule/SFO
- Tilsette i bufellesskapet på Haga (kveldsvakter)

Kommuneadministrasjonen har meint at det bør takast ein generell gjennomgang av reglar for spisepause for tilsette i kommunen. Ut frå dette bør det takast stilling til kva ordningar som skal gjelda for einskilde grupper av tilsette.

I administrasjonen sitt saksframlegg til Administrasjonsutvalet sitt møte 16.03.2009 vart lovreglar og noverande ordningar for spisepausar for tilsette i kommunen gjennomgått. Kopi av dette saksframlegget følger derfor vedlagt.

## Arbeidsmiljølova

Hovudprinsippet i Arbeidsmiljølova (jf. Hovudtariffavtalen) er at spisepausar skal vera fritid dersom arbeidssituasjonen gjer dette mogleg. Tariffpartane i kommunal sektor er i følgje KS si personalhandbok også samde om at spisepausar som kan reknast som fritid, skal reknast som fritid. Dersom spisepausen er fritid, kan den tilsette fritt forlata arbeidsplassen i spisepausen. Spisepause som er fritid, er ubetalt.

Ordninga for tilsette på kommunehuset (m/fleire) med delvis betalt spisepause er ei ordning som er noko ”på sida” av det Arbeidsmiljølova legg opp til. Denne ordninga har vore gjeldande på kommunehuset i svært mange år. På slutten av 1980-talet kom også ein del andre grupper av tilsette i kommunen inn under den same ordninga, mellom anna kontorpersonale i einingane. Arbeidsmiljølova har ikkje reglar om denne typen ordningar, d.v.s. ordningar med delvis betalte spisepausar.

## Utfordringar i Samnanger

I utgangspunktet meiner kommuneadministrasjonen at det burde vore fastsett eit enkelt og generelt prinsipp for spisepausar for tilsette i kommunen, til dømes at spisepausar så langt som mogleg skal vera ubetalt fritid. På grunn av ordninga for spisepausar som gjeld for tilsette på kommunehuset (m/fleire), er det vanskeleg å fastsetja eit generelt prinsipp, fordi så mange tilsette vil verta unntekne frå dette prinsippet. I tillegg er det også i tariffavtalar eigne reglar for enkelte grupper, for eksempel lærarar.

Slik kommuneadministrasjonen ser det, vil me derfor måtte akseptera at det også i framtida vil vera ulike ordningar for spisepausar for tilsette i kommunen.

## Kostnader:

## Side 10 av 11

For arbeidsgjevar vil det normalt vera den billegaste løysinga at tilsette har ubetalt spisepause. Føresetnaden for dette er at ein ikkje må auka bemanninga tilsvarande for å oppretthalda tenestetilbodet i den ubetalte spisepausen.

Bruttokostnad pr. årsverk ved overgang frå ubetalt til betalt spisepause vil vera om lag 25.000 kroner (ved årsløn på 300.000 kroner). Nettokostnaden kan i ein del tilfelle verta lågare enn dette, dersom bemanninga kan reduserast som følgje av innføring av betalt spisepause.

Lengda på spisepausen har sjølv sagt også betydning for kostnaden. Dersom bruttokostnaden pr. årsverk ved 30 minuttars spisepause er ca. 25.000 kroner, vil bruttokostnaden pr. årsverk ved 20 minuttars spisepause vera om lag 17.000 kroner .

I Samnanger har det gjennom mange år vore praksis at dei fleste tilsette har 30 minuttars spisepause. Kommuneadministrasjonen er ut frå dette i tvil det vil vera rett å arbeida for å korta ned lengda på spisepausen for tilsette i kommunen. Arbeidsmiljølova har ikkje reglar for lengda av pausar dersom arbeidstida kortare enn 8 timer, men Arbeidstilsynet har uttalt at spisepausar ikkje bør vera kortare enn 20 minuttar. Dersom arbeidstida er 8 timer eller meir har tilsette krav på minst ein halv times pause i løpet av arbeidsdagen.

### Tilsette i bufellesskapet på Haga

Det skal i 2009 gjennomførast ein organisasjonskjennomgang i eining for pleie og omsorg. To av fokusområda for einingsleiar vil vera lengre vakter samt betalt spisepause på kveldsvakter. Arbeidet med gjennomgang av turnusar er allereie i gang, og plasstillitsvalde er involverte i dette arbeidet. Nye turnusar vil truleg verta innførte frå hausten 2009.

Einingsleiar håpar at ein eventuell overgang til betalt spisepause på kveldsvakter på Haga kan gjennomførast utan ekstra netto kostnader for eininga (brutto kostad vil vera ca. 50.000 kroner pr. år). Til dømes kan det tenkast at ein gjennom meir effektiv drift kan avslutta kveldsvaktene på Haga tidlegare enn i dag.

På forrige møte i Adm.utvalet orienterte Margot Hisdal om at det er vakter i bufellesskapet på Haga som er på  $5 \frac{1}{2}$  time inkludert  $\frac{1}{2}$  time ubetalt spisepause. Eining for pleie og omsorg har opplyst til personalkontoret at det i noverande turnus er ei slik kveldsvakt pr. 6-vekers turnusperiode.

Ein representant frå leiinga i eining for pleie og omsorg vil vera til stades på møtet i Administrasjonsutvalet 05.06.2009, og vil då kunna gi nærmere informasjon vedk. spisepausar for tilsette i bufellesskapet på Haga.

### Assistentar i skule/SFO

På skulane i kommunen har det dei siste åra vore fleire ulike ordningar for spisepausar for assistentar. Det bør etter kommuneadministrasjonen sitt syn vera felles reglar for alle skulane.

Rektorane ved Nordbygda og Gjerde skule har informert personalkontoret om at det frå hausten 2009 vert lagt opp til 30 minuttars ubetalt spisepause for alle assistentar i skule/SFO som har rett til spisepause. Assistentane vil då fritt kunne disponera tida i spisepausane, d.v.s. at spisepausane vil vera reell fritid.

Planlagte inspeksjonar i for assistentar i skule/SFO inngår i stillingsprosenten deira.

Dersom assistentar unntaksvise må gå inspeksjonar ut over det som ligg i den betalte stillingsprosenten sin, må dei få ekstra betalt for dette.

## Kven bestemmer ved usemje?

Kommuneadministrasjonen sitt inntrykk er at det i ein del tilfelle er ulike oppfatningar av om spisepausen reelt sett er fritid eller arbeidstid. For eksempel kan arbeidsgjevar meina at spisepausen er fritid, medan den tilsette meiner at det ikkje er ”tenestleg forsvarleg” å forlata arbeidsplassen i spisepausen.

Ved usemje må det vera arbeidsgjevar som avgjer om spisepausen er fritid eller ikkje.

## Utkast til generelle reglar for spisepausar

Kommuneadministrasjonen er usikker på om Adm.utvalet meiner det er nødvendig å fastsetja generelle reglar for spisepausar for tilsette i kommunen. Dersom det skal innførast slike reglar, burde det ideelt sett vorte gjennomført ein grundig prosess med fagforeiningane på førehand. Dette kunne for eksempel vorte gjort i samband med det føreståande arbeidet med revisjon av personalvedtekten.

Dersom Adm.utvalet ønskjer å innføra generelle reglar for spisepausar no, meiner kommuneadministrasjonen at utgangspunktet bør vera om lag som følgjer:

- Som hovudregel bør spisepausen for tilsette i kommunen vera 30 minuttar. Dersom dette er praktisk vanskeleg å gjennomføra av tenestlege omsyn, kan spisepausen verta korta ned til minimum 20 minuttar. Arbeidsgjevar tek avgjerd om lengda på spisepausar.
- Dersom det oppstår tvil/usemje om ei gruppe **av tilsette** skal ha betalt eller ikkje betalt spisepause, skal einingsleiar ta avgjerd etter reglane i gjeldande lov- og avtaleverk. I tvilstilfelle skal einingsleiar rådføra seg med kommuneadministrasjonen.
- Dersom ein tilsett som normalt har **ubetalt spisepause**, ikkje får høve til å ta pause som oppfyller krava i Arbeidsmiljølova til ubetalt spisepause, har den tilsette krav på betalt spisepause den aktuelle dagen.
- Tilsette på ein arbeidsplass **har ikkje rett på** felles spisepause, men dersom tenesta ikkje er til hinder for det bør det **leggjast opp til** felles spisepausar på arbeidsplassane.
- Tidspunktet for spisepause kan ved tenestleg behov forskyvast opptil ein time i forhold til normaltidspunkt for spisepause (opptil ein time fram eller ein time tilbake) utan at dette vert kompensert økonomisk.
- Tilsette i kontorstillingar på kommunehuset skal framleis ha delvis betalt spisepause i samsvar med forhandlingsprotokoll frå 1987 (samst godkjenning i Formannskapet frå same år). Arbeidstida for denne gruppa er 38 t. 10 min. pr. veke inkludert spisepause (som gjennomsnitt i løpet av eit kalenderår). Denne ordninga gjeld også for følgjande andre grupper:
  - Administrativt personale i pleie og omsorg
  - Tilsette på vaskeriet på Samnangerheimen
  - Reinhaldarar
  - Administrativt personale på skulane
  - Administrativt personale på helsetunet
- For tilsette som har ubetalt spisepause, skal tenesta leggjast opp slik at dei fritt skal kunna forlata arbeidstaden i spisepausen. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, skal spisepausen vera betalt.
- Arbeidsgjevar avgjer om spisepausen for ei gruppe av tilsette er fritid eller ikkje.